

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Egge.

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Aune

Gard:

(adresse): Sneve pr. Steinskjer

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er mykje vanleg når folk skal uttrykke "ja", at dei nikkar med hovudet, og "nei" med å riste på hovudet. Noka rørsle med handa i dette høve, kjemmer ein ikkje til her.
2. Det er så ymse. Men mest vanleg er at folk helsar herre på kjente når dei møtest ute, på vegen eller i gata.
3. Det er den regel at dei yngre skal helse først på dei eldre. Og mannen skal helse først på kvinna.
4. Ein sa ga'mann, ga'dag og ga'kveld alt etter hva tid på døgnet det var. Mennene tok av seg hovudplagget og lukkar, når dei helsar. I seinare tid er det mest vanleg når mennene møter folk i vegen eller på gata, at dei berre løfter handa opp til hovudplagget utan å ta det av. Kvinnene nikkar med hovude når dei helsar. Småjentene skal neia når dei helsar.
5. Ja, det var skilnad på kven ein måtte. Var det presten eller ein annan embetsmann, var helsinga liksom meir høgtidleg med at ein tok av seg hovudplagget og det vart lukka litt djupare enn elles.
6. Ein kjemmer ikkje til at det tydde noka sers

om menn heldt hatten med begge hendene eller heldt hūva under armen når dei helste.

7. Ja, måten å helsa på var ulik om ein var kledd i høgtids- eller kvardagsklede. Ein gjarde seg liksom meire for ~~de~~ helsinga når ein var i høgtidskledd.

8. Ved samkomer i høgtidshelgene og i bryllaup og gravferd har det vari- og er det vanleg å handhelsa på kvarandre. Å handhebe på dei aller minste barna når ein kom på utjing har vari mykje brukelig. Ærleg var det og er det skikk at kvinnene gjer det.

9. Nei, det er ikkje vanleg, men det kan førekom enkelte gonger og da mellom gode venner.

10. Ein veit ikkje sikkert om det har vari brukelig å ta av seg hatten når dei var ute og fekk høyre kyrkje-klokkene. Men somme trur at det har vari skikk i gamal tid.

11. ~~Utsett~~ ~~likferd~~ ~~var~~ ~~det~~ ~~vanleg~~ Når ein måtte likferd var det vanleg å ta av seg hovedplagget og stå stille med likkøyraren køyrde framom. Men ein kjemmer ikkje til noka rlik åtferd for å sjne nyrdnad om ein måtte brærefylgje.

12. Folk minner ikkje at det var brukelig å helsa på nisse-ting. Men å helsa på dyr har vari vanleg ved ymse høve, som t.d. at dei helsa godjøl til dyra, når dei kom til fjøset juledagsmorgonen. Denne skikken er ikkje heilt borte enda mellom eldre folk. Likesins med skikken å ønske dyra godjøl, når ein var ferdig med fjøstjønet og gjekk ut frå fjøret julehellden.

13. Det er ikkje greitt å fastslå noka klakkeslett for når dei ymse helsingsmåtene vart nytta. Men "gømon" vart brukt frå tidleg morgon og utover til 8-9-tida.

Så var det „go'dag" til utpå kvelden til kl. 17-18, og seinare sa ein „go'kveld". Men vinters tid når det snart tidleg mørkt, sa ein „go'kveld" når det tok til å mørkne. „Go'middag" og „Go'efta" har ikkje vore nytta her, men „go'after" kunne ein høyra somme bruke istaden for „go'kveld". „Go'natt", seier ein når ein skildert med nokon seint på kvelden.

14. Ein ser det ikkje akkurat som usømeleg at folk ikkje helsar rett, som t. d. at dei sa „go'morn" når det lei langt på dagen eller „go'kveld" midt på dagen. Men ein tykte det var rart, og det kunne bli snakka om det når vedkomande hadde gått att.

15. Ja, det er fortald om ein som helsa „go'morn" til ein annan da det lei noka fram på föremiddagen. Da sa den andre: „Dü må itj kom å legg utramn på da'n".

16. No blir „morn" nytta både når ein kjem og når ein går att, og det til alle døgnets tider. Dette gjeld serleg dei unge.

17. Å helre med orda „Guds fred" har vistnok vore brukt før i tida. „Velsign arbeidet", velsign streuet", velsign kvila", „velsign laget", velsign maten" har vore og blir framleis brukt. Til dette svara ein „tak".

19. Ja, får var det brukeleg, men er meire sjeldan no.

20. Når ein framand ville tala med husefaren åleine orda han gjerdnart fram på om dette når han var ferdig til å gå, og husefaren vart da med han utan dora.

21. No blir det alltid gjort. Får var det mindre brukeleg.

22. Dei svarar „versägad" eller „kom inn". I det

siste blir det ofte svara berre „ja“.

23. ja.

24. Flatten eller hūva skulle ein ta au reg straks ein kom inn.

25. Ein bad den komande „versga, sitt ned“, eller var det ein god kjenning som kom sa ein- og seier ein: „Dū må slå da ned“ eller „Dū må sett da nedpå“.

26. Ja. Var det tater eller anna ferdafant som kom, bad ein dei aldri om å setja reg, i alle fall ikkje før dei hadde bori fram ærendet.

27. ²⁸ Som nemnd i spm. nr. 25. Somme brukte å tūrka av stoler før dei bad den framande setja reg.

29. Ein tok dei i handa og sa „velkomen“.

30. Farevel, blir vanleg brukt både av den som går og dei som er att. Det franske adieu (adiò) som ni uttaler adja, blir og mykje brukt som avskilshelsing Mellom dei unge bli det ofte sagt når dei skildjest, „Må ha'e da“ eller, „Flørra da“.

I tida ca 1910-30 var det mellom ungdomen på dei tre øvrste gardane i Nord Egge vanleg avskilshelsing at den som braut opp sa: „Jeija da“. Og den- eller dei andre svara: „jeija, ja“.

31. Må ha det bra. Må låna (leva) så vel. Før sa dei ofte: „Dū (eller dikk) må stå på da (eller dikk) bra“. Ved reise sa og seier dei attverande: „God tur“ eller „god reis“. Liksom meir spøkefullt vart det samtidig sagt: „Dū må itj fårå nåles“.

Til spørsmåla frå og med 32 til 39 er svart nei.

39. ja, det heiter å „lyt nari“.

40. ja, både foreldre og andre voksne

41. ja, ein sa da: „No tek e narin din“

42. Ja, Det kallar vi "gå'kinn".
43. Mellom barn og foreldre, og mellom barn og andre vaksne.
44. Når ein takka for ei gave, svara gjevaren: "Låkka te" (lúkka til) Eller ein skulle ta til med eit arbeid, byrja i ei ný stilling, så sa ein til denne: "Låkka te". Elles er det og har det vori nýtkje vanleg når nokon takka for ein bruketing som nedkomande hadde fått i gave, så svara gjevaren: "S'lit'e med helsa".
45. Før var det mest brukeleg å seia: "Låkk med jula, låkk med nýåret." I seinare tid høyrer ein oftare folk seia: "Gø'júl", "godt nýttår". Ved barnefødsel, årsmålsdag, trulaving og brudlaup blir det alltid sagt, "gratülerer" eller "ø gratülerer".
46. Kandalere eller "ø kandalere".
47. Ein svarar herre takk.
48. Nei
49. Før i tida brukte kvinnene å rýne van-nyrdnad for ei anna kvinne med å løfte litt på stakken når dei gjekk forbi kvarandre.
50. Til gode kjemingar og skyldfolk ein ofte er i lag med, seier ein de. Til meir framande og slike ein rekmar står høgre på rangstigen og riktig gamle folk, seier ein de. Før sa dei ofte låkk i staden for de.
51. Nei.